



Hordaland Fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1769 - 18/15737

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
17.07.2018

Høyring - GBNR 41/28, 67 - Søknad om dispensasjon frå LNF føremål for bruksendring av fritidsbustad til bustad, Skarpenes

Saka gjeld:

Ann Therese Strønen (tiltakshavar) har søkt om dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen – LNF, jf. plan- og bygningslova § 19-2 for bruksendring av sin fritidsbustad til heilårsbustad, gbnr 41/28 og 67 på Skarpenes i Meland kommune.

Det er på same eigedom søkt om dispensasjon frå LNF- føremålet i KPA, for etablering av tilkomtsveg til eigedomen. Tiltakshavar ynskjer at dispensasjonen skal sjåast på under eitt. Og Meland kommune viser til tidlegare tilsendt høyringsbrev datert 11.7.2018, med vår referanse 18/1769-18/15585.

Før handsaming av tiltaket etter Pbl. Kap. 20 vil kommunen motta opplysningar om den tekniske tilstanden på bygget.

Tiltaket er vist på situasjonskart vedlagt søknaden.

Planstatus:

Eigedomen er satt av til landbruk, natur- og friluftsføremål (LNF) i kommuneplanen sin arealdel (KPA). Eigedomen er opplista i tabell 9.2 i føresegnene til KPA over bygde fritidsbustadeigedomar som har status LNF- spreidd fritidsbustad.

Kommuneplanen sin arealdel er styrande for arealbruken og søknaden vert først vurdert i høve til den. I område lagt til LNF- spreidd fritidsbustad er mindre tiltak i tråd med eksisterande bruk tillat. Bruksendring av fritidsbustad til heilårsbustad krev dispensasjon frå kommuneplanen.

Søknad om dispensasjon:

Det er i skriv frå ansvarleg søkjar søkt om dispensasjon for bruksendringa, sjå vedlegg. For grunngeving av søknaden vert det vist til denne i sin heilheit.

Dispensasjon etter pbl kap. 1 og § 19- 2:

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det vert søkt dispensasjon frå.
I § 1- 1 i plan- o g bygningslova heiter det m.a.: Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lova skal det leggjast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål.

Kommunen bør ikkje gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Førebels vurdering, vidare saksgang, høyring:

Tiltaket er tilstrekkeleg gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast.

Frist:

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Oppdatert søknad/dispensasjon

Følgeskriv

Kart

41_28_kart_2000

Kopi til:

Ann-Therese Strønen

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland
Hordaland Fylkeskommune

Postboks 7310
Postboks 7900

5020
5020

BERGEN
BERGEN